



GULATING LAGMANNSRETT

Dok 4

Det kongelige Justis – og beredskapsdepartement
Postboks 8005Dep

0030 Oslo

Deres referanse
15/4064

Vår referanse
15-093139ADM-GULA/AVD3

Dato
02.09.2015

HØYRING – FRAMLEGG TIL SAMANSLÅING AV TINGRETTAR

Vi viser til høyringsbrev av 05.06.15. Gulating lagmannsrett gjer høyringssvar til dei to framlegga som gjeld tingrettar i lagdømet.

Framlegg til samanslåing av Bergen tingrett og Nordhordland tingrett

Leiinga i Gulating lagmannsrett stør framlegget om samanslåing av dei to domstolane som held til i Bergen tinghus.

Vi viser til at domstolane i lang tid har vore samlokalisert, og at endringa ikkje fører med seg praktiske ulemper for brukarane av domstolane. Dei to domstolane har i dag eit nært samarbeid om drift av tinghuset, om regionale kompetansetiltak, og avdelinga for tryggleik, drift og ikt er sams for dei to tingrettane.

Ein samla tingrett vil styrka det faglege miljøet og gje betre ressursnyting. Større einingar vil lettare kunna møte framtidige krav til tryggleik, informasjonstenester og ikkje minst digitalisering av domstolane. Vi viser og til at leiinga i dei to tingrettane stiller seg positive til samanslåing.

Framlegg til samanslåing av Jæren og Dalane tingrett

Vi stør framlegget om samanslåing av desse to domstolane i Rogaland, lokalisert til eksisterande lokale i Sandnes.

Postadresse
Postboks 7414, 5020 BERGEN

Sentralbord
Bergen: 55693900
Stavanger:
51299080

Saksbehandler
Janicke K. Vognstølen

Bankgiro

Organisasjonsnummer

Kontoradresse
Gulatings plass 1

Telefaks
55693901

Telefon
55 69 39 71 / 934 48 284

Ekspedisjonstid
0830-1500

Internett/E-post
http://www.domstol.no/gulating/gulating_lagmannsrett@domstol.no

Ein samla kollegial domstol vil gje grunnlag for betre fagleg kompetanse, moderat spesialisering av dommarar, meir rasjonell og økonomisk drift. Vi viser og til leiinga i dei to tingrettane stiller seg positiv til samanslåing.

Brukarane av domstolen sine tenestar som høyrer heime i Egersund og nærliggande distrikt vil få lengre reisetid til domstolen, men reisetida blir ikkje så lang at dette kan bli tillagt avgjerande vekt.

Leiinga i Gulating lagmannsrett stiller seg difor positiv til framlegga om samanslåing av Bergen tingrett og Nordhordland tingrett, og av Jæren tingrett og Dalane tingrett.

Gulating lagmannsrett



Arne Støle
Administrasjonssjef

